

## Referat frå fyrste arbeidsgruppemøte – revidering av retningslinene for næringsfondet

### Til stades:

- Lene Brimi (representant: gründerar)
- Hallvard Helland (representant primærnæring)
- Karin Bing Orgland (representant: tertiærnæringa)
- Hans Sole Luseter (representant: politisk repr. for fleiretalet)
- Åshild M. Amundsen (næringssjef, sekretær)
- Kristin Smågård (landbruk, sekretær)
- Pål Skjåk Haugen (skogbruk, sekretær)

### Ikkje til stades:

- Rolv Vaagaasar (representant: politisk repr. for mindretalet)
- Olav Grjotheim (representant: sekundærnæringa)

Dato: 15. august frå kl. 12. 30 – 14.00

Stad: Midtgard

### Referat:

#### 1. Konstituering av leiar:

Hans Sole Luseter vart valgt som leiar av arbeidsgruppa.

#### 2. Møtegodtgjersle:

Det blir gitt møtegodtgjersle etter ordinær sats.

Satsen som er oppgitt på skjemaet gjeld pr. møte (ikkje pr. time).

Det enklaste er å levere ei samla oversikt når prosessen er ferdig.

Skjema blir vedlagt dette referatet / e-posten.

#### 3. Orientering knytt til bruken av næringsfondet:

Det vart gitt ei orientering kring bruken av fondet dei siste åra, samt ei innføring i organisering og forskjellen på budsjetterte midlar vs. løyvde midlar (som enkeltvedtak).

Sjå vedlagt presentasjon.

Arbeidsgruppa ba om å få sendt bakgrunnen for tala i excel-form, slik at dei lettare kan sette seg inn i talgrunnlaget. Dette blir ettersendt.

#### 4. Vidare framdrift:

I fyrste omgang ynskjer vi å sjå om vi kan kome i mål med fire møter totalt, inklusiv oppstartsmøte den 15. august.

Men dette kan justerast etter behov.

Vi har førebels lagt opp følgjande møteplan:

- 3. sept kl. 12:30 – 15:00 (helst fysisk)
- 20. sept kl. 9:00 – 11:00 (teams)
- 29. okt kl. 9:30 – 12:00 (teams eller fysisk, det er opp til kvar enkelt. Men dei som vil ha lunsj må stille fysisk 😊)

Det blir sendt ut invitasjon via Outlook. Dersom du ikkje har anledning til å stille så gir du beskjed ved å godta eller avslå invitasjonen. Vi justerer fortløpande dersom det er mange som ikkje kan delta på dei foreslårte tidspunkt.

Til neste møtet (den 3):

- innhente kunnskap frå Skåppå og evt andre som kan bidra med noko
- ta kontakt med Norges Vel for samarbeid
- korleis handterer vi ekspandering? Innhent kunnskap frå bank/andre kommunar

Innspel/diskusjonspunkt:

- Tydeleggjere målsetting med ordninga, dette burde vore synleg i større grad
- Konkurransevriding - litt uheldig tilnærming, men vanskeleg problemstilling
- Formulering av miljøformålet – her er det forbettingspotensial

Aktuelle tema for næringslivstreff:

- Informasjon om Enova-ordningar mot næringsliv (og privat?)
  - Lokale eksempel